

Nordhordland kursregion

for grunnskulen

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

Nordhordland kursregion

NKR



Årsmelding 2013

Nordhordland kursregion

for grunnskulen

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

MÅLSETJING

NKR arbeider for å halda ved like og vidareutvikla kompetansen til personalet i barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæringa.

Det er eit forum og ein reiskap for dei deltakande kommunane til å fremja ei god fagleg utvikling på område der kommunane kan ha nytte av å koordinera innsatsen.

Jfr vedlegg 1- Statuttar for NKR.

INNLEIING

NKR driv kontinuerleg arbeid innan skule- og barnehagesektoren, med kompetanseheving. Arbeidsområde som vart starta opp i 2012, eller før, har i 2013 vorte avslutta, andre er framleis under arbeid og nye har kome til.

Ungdomstrinnet har også dette året vore i fokus. Arbeidet med Ny GIV vart formelt avslutta i desember 2013. Sommar med Ny GIV er eit tiltak frå dette prosjektet som spesielt bør trekkjast fram « (Sjå omtale under ”Ny GIV”)

GNIST er døme på eit prosjekt som vil halda fram endå nokre år (Sjå omtale under ”GNIST”)

Ei utfordring vidare vil verta å sjå desse to satsinga i samanheng og å ta med seg ”Ny GIV” vidare i ungdomsskulesatsinga.

Ser me vidare fram, er det dei nye «Utviklingsveiledarar» og deira rolle som skal ”på plass”. Kor vidt NKR får noko rolle i dette arbeidet, står att å sjå.

Kommunane er med jamne mellomrom innkalla til Fylkesmannen, til informasjons- og drøftingsmøte. Nytt i 2013 var at Fylkesmannen ønskte å vitja regionane, slik også NKR. Møtet vart primært lagt opp til dialog og drøfting og sakslista vart sett opp i fellesskap mellom regionen og fylkesmannen. Tema var m.a. tilsyn og klagehandsaming. Møtet var meint å skulla gje kommunane god rettleiing i forståing av lov og regelverk, og at fylkesmannen skulle få kunnskap om situasjonen i kommunane.

At barnehagane også skal ta del i desse møta viser at heile utdannings-løpet vert sett i samanheng.

I løpet av året har NKR invitert inn grupper/institusjonar som NKR samarbeider med . Som døme på dette kan nemnast at:

*Leiarane for PPT har vitja styret og ein har m.a. drøfta korleis samarbeidet mellom PPT, skular og barnehagar best kan forankrast i kommunane.

*NLA har orientert om sine tilbod og saman med NKR har NLA skreddarsydd VU-tilbod-matematikk, spesielt etter førespurnad frå NKR.

*NKR har også hatt vitjing frå Conexus, (PULS- VOKAL), av Fylkesmannen (Opplæringslova §2.8) og representantar frå IKT-Nordhordland, etablert i 2013, har vitja både nettverket for ungdomsskulerektorar og styret for NKR.

I like stor grad som den regionale barnehagegruppa er eit forum for felles tiltak knytt til kompetanseheving for barnehagesektoren, er det også eit forum og ein reiskap for dei deltakande kommunane til å fremja ei god fagleg utvikling på barnehageområdet. Barnehagedrifta er den tredje største sektoren i kommunane og har gått gjennom ei betydeleg utvikling dei seinaste åra. Nye Stortingsmeldingar, revidering av Rammeplan, større krav til kompetanse nedfelt i *Strategiplan for kompetanse* og krav om tilsyn krev arbeid og oppfølging frå kommunane si side. Det er eit felles mål å synleggjera utfordringane t.d. for politisk nivå, samfunnsmandatet har vorte stadig tydlegare. Den regionale arbeidsgruppa vert derfor også nytta til å drøfta felles problemstillingar som knyter seg til barnehagedrift, generelt.

STYRET

Styrevervet Rådgjevar - Oppvekst Helge Vallestad, Radøy har vore leiar i styret til og med juni 2013. Frå hausten 2013 overtok kommunalsjef Jo Bjarte Tømmerbakke, Radøy Kommune. Kommunalsjef Torleiv Frotjold, Austrheim, har vore nestleiar.

Medlemmar:	Austrheim Kommune:	Kommunalsjef Torleiv Frotjold
	Fedje Kommune:	Skulefagleg rådgjevar Helge Tangen
	Lindås Kommune:	Fagsjef skule Anne Wergeland
	Masfjorden Kommune:	Skulefagleg rådgjevar Alf Strand
	Meland Kommune:	Skulefagleg rådgjevar Reidun E. Johannessen
	Modalen Kommune:	Rektor Gisle Heimly, Modalen kommune Rektor Jahn Olav Nordheim frå og med mars 2013
	Osterøy Kommune:	Spesialrådgjevar Astrid Brandal Øvsthus
	Radøy Kommune:	Rådgjevar - Oppvekst Helge Vallestad Kommunalsjef Jo Tømmerbakke, frå hausten 2013

Styreverksemd: Styret har hatt 9 møte og har handsama 93 saker.

SEKRETARIATET

Oddfrid Hole har vore regionssekretær i 50% stilling.
Det har vore lagt 10 % merkantil hjelp til stillinga.

MÅLGRUPPER

NKR har drive kompetanseheving for desse målgruppene:

Tilsette i grunnskulane, lærarar, assistentar og leiarar

Tilsette i barnehagane, førskulelærarar, pedagogiske leiarar, assistentar og styrarar

Tilsette i pedagogisk-psykologisk teneste, PPT

SKULESEKTOREN

Tal pr. 1.oktober 2013 (GSI)

Namn kommune	Tal skular	Tal lærarar	Tal assistentar	Tal årsverk *	Tal elevar
Austrheim	2	55	10	54,5	379
Fedje	1	14	3	14	79
Lindås	13	235	80	246	1954
Masfjorden	3	40	13	40,3	203
Meland	5	112	35	116	1013
Modalen	1	13	5	14	74
Osterøy	6	103	23	111	930
Radøy	5	71	26	79,6	625

*I årsverk er tatt med leiarar, undervisningspersonell og assistentar

GJENNOMFØRDE TILTAK 2013

Oversikt over etterutdanningskursa som har vorte gjennomførte

- Fag/område	Vår	Hautst	Tal deltakarar Målgruppe	Fagleg ansvar	Merknad
Kva er god matematikkundervisning	1dg			Mona Røsseland	Avslutningsdag, oppstart 2012
Migrasjonspedagogikk	3dg		36 Lærarar / PPT	Bergen kommune	Sjå info under «Migrasjonspedagogikk»
Eit meir praktisk, variert og relevant ungdomstrinn		1 dg	110 Lærarar ungdomstrinnet	BroAschehoug	
Minoritetsspråklige i møte med tjenesteapparatet.	1dg		16 PPT tilsette		Samarbeid NKR/SPV
Den gode timen		1dg	71 deltakarar Lærarar i grunnskulen	Bro-Aschehoug	
Kurs for kurshaldarar i NMT (Norsk med teiknstøtte)		2dg	13 deltakarar /6 ulike kommunar	Margrete Fjæren	Samarbeid NKR/SPV Framhald i 2014
Geogebra		1dg	26 Matematikk-lærarar på ungdomstrinnet	Anne Bjørnstad Norsk GeoGebra Institutt	Ønskje om oppfølgjingskurs.

VIDAREUTDANNING (VU)

Rektorskulen i regi av UH Vest som starta opp i september 2012 vart avslutta november 2013
17 av deltakarane kom frå Nordhordlandsregionen. Studiet utgjer 30 studiepoeng
Målgruppe har vore leiarar, både rektorar, inspektørar og avdelingsleiarar

I løpet av 2013 har NKR fått på plass avtale med NLA om vidareutdanning i matematikk. Dette er eit desentralisert tilbod, for lærarar på barnetrinnet, med studiestad Breistein, 30 studiepoeng, over 2 skuleår

Matematikk er eit av satsingsområda for NKR framover

NKR har også vore i dialog med HSF om vidareutdanningstilbod i engelsk

DKS- DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

NKR har i 2013 løyvd midlar til to ulike prosjekt:

1) Museumssenteret i Hordaland

Museumssenteret i Hordaland har fått tilskot til utvikling av undervisningsopplegg knytt til 1814-jubileet

2 Solveig Solberg

Solveig Solberg, hardingfelespelar og kvedar frå Osterøy har fått tilskot til utvikling av konserten «Musikk frå ei tid lenge før spotify og Youtube fanst»

Det siste tilskotet er eit resultat av at NKR sette seg føre å støtta prosjekt der utvikling av prosjekt innan musikk og dans er tema.

Tilskotet er fylkeskommunale midlar for å støtta lokalt forankra prosjekt.

Midlane har vorte gjeve under føresetnad at alle kommunane får tilbodet, desse satsingsområda ønskjer NKR å ta med seg vidare i 2014.

LUIS

NKR har ikkje gitt tilbod om leiaropplæring i 2013, men tilbodet «Kvalitetsutvikling i skulane 2014-2015, med Yngve Lindvik, Conexus/Lærlingslabben som fagansvarleg, har vorte planlagt og vert starta opp januar 2014. Kursrekkja skal gå over 5 dagar, fordelt på 3 semester.

GJENNOMFØRING AV LOKALGITT MUNNLEG EKSAMEN

Lokal gitt munnleg eksamen vart avvikla for sjette gong, våren 2013, administrert av NKR. I samband med at ei ny forskrift for å betra gjennomføringa av munnleg eksamen vart gjort gjeldande frå 01.01.14, har styret vedtatt ein revisjon av lokal instruks



SAMARBEID STATPED OG NKR (må sjåast i samanheng med tidlegare årsmeldingar)

Satsinga på minoritetsspråklege (MINOS) i regionen inngår no også i eit planmessig samarbeid med Statped. Statped bidreg her etter ein nærmare oppsett aktivitetsplan, i hovudsak knytt til nettverket som er oppretta mellom PPT-kontora og Statped.

Implementering av kartleggingsverktøy til bruk for kartlegging av minoritetsspråklege elevar er ein stor og systematisk jobb både for skulane og PP-tenesta framover.

Eit resultat av samarbeidet er også kursrekkja *Norsk med teiknstøtte (NMT)* utarbeid av Margrete Fjæren, teiknspråkkonsulent ved Statped.

16 deltakarar frå 6 kommunar skal no kunna vera kurshaldarar i emnet *NMT* i sine respektive kommunane. Dei har hatt to kursdagar i 2013 som vil verta følgd opp av ein kursdag i 2014.

Fylkesmannen si orientering på styremøte i NKR om «Rett til særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar», opplæringsloven § 2-8.» vart gjennomført etter ein førespurnad frå arbeidsgruppa. Derfor var også PPT-kontora og representantar frå Statped inviterte til gjeldane styremøte.

Samarbeidet med Statped betyr mykje i høve til i kva grad skulane, barnehagane og PPT-kontora skal kunne møte utfordringar på det spesialpedagogiske feltet.

Spesielt viktig er samarbeidsforumet som er opprette mellom Statped og PPT-kontora.

MIGRASJONSPEDAGOGIKK

I Nordhordland er det etter kvart mange born som representerer mange ulike nasjonalitetar. Dette gjev nye utfordringar for barnehagane og skulane våre.

NKR, ved kommunane, har henta innspel frå skulane og barnehagane i høve til kva utfordringar dei har når det gjeld denne elevgruppa/barnegruppe

I 2013 vart det sett i gong ei kursrekke på 3 kursdagar med fokus på grunnlaget for arbeidet, rettane til minoritetsspråklege elevar og på læreplanverket, på kartlegging av elevane sin kompetanse og på samarbeid heim/skule.

Målgruppa var lærarar i grunnskule og tilsette på PPT.

VAKSENOPPLÆRING

Det vart ikkje tildelt midlar til kompetanseheving av lærarar som underviser vaksne, framandspråklege elevar i 2013 og NKR har ikkje hatt tilbod til denne lærargruppa



NKR har også i 2013 hatt ei koordinerende rolle i Ny GIV prosjektet og har samarbeidd med den fylkeskommunale prosjektleinga om gjennomføring av t.d. nettverkssamlingar og om å få informasjon ut til skulane /kommunane

Nytt i 2013 var *Ny Giv for alle*, eit «Mini-kurstilbod» til lærarar som ikkje tok del i Intensiv-opplæringa.

Spesielt må nemnast «Sommar med Ny GIV» og NKR sitt samarbeid med NHIL ved Vivian Kårbø. NHIL-Nordhordland Handverk- og Industrilag er ein interesseorganisasjon for 270 verksemder i Nordhordland. Gjennom samarbeidet mellom NKR og NHIL fekk 21 elevar på 10.trinnet 14 dagars arbeidserfaring i ei verksemd som var relatert til den studieretninga dei hadde vald som førsteprioritet til vidaregåande skule. Dette vart ei god oppleving for mange av ungdommane.

Framover vil det verta ei utfordring å ta vare på kunnskapen skulane og lærarane har fått og å oppretta møteplass for dialog mellom kommunane og fylkeskommunane og mellom lærarar på ungdomstrinnet og vidaregåande skule.

www.hordaland.no/nygivdoc



GNIST

Regjeringa la i januar 2012 fram ei eiga melding om ungdomssteget, [Meld. St. 22](#) (2010 – 2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter*, Ungdomstrinnet .

15.mai 2012 kom [Strategi for ungdomstrinnet](#) «*Motivasjon og mestring for bedre læring.*» *Felles satsing på klasseledelse, regning, lesing og skriving.*

Målet med tiltaka er å skape eit ungdomssteg som gjev betre læring gjennom ei meir praktisk og variert opplæring, og som aukar elevane sin motivasjon og mestring.

I NKR starta skulane i Austrheim opp som ”Gnist-skular” hausten 2013

Desse skulane samarbeider med NLA som skal gje fagleg påfyll og driva rettleiing inn i praksisfeltet.

Ungdomsskulenettverket har vore nytta til erfaringsutveksling på tvers av kommunane, slik får skulane som no er i startgropa «skumma fløyten» av dei erfaringar desse skulane har gjort.

NETTVERK FOR REKTORANE PÅ UNGDOMSSKULANE OG 1-10 SKULAR

Nettverket, som vart oppretta i 2012, har i 2013 hatt 3 møte. Samlingane vert kvar gong lagt i etterkant av eit styremøte og styremedlemmane tek del på møta.

Aktuelle saker har først og fremst vore skulebasert kompetanseutvikling, Gnist, der m.a. Alice Walgermo har vitja nettverket og gitt informasjon.

Andre fokus har vore arbeidet med ny forskrift og ny revidert lokal instruks knytt til munnleg eksamen og arbeidet med Ny GIV

RETTLEIING AV NYUTDANNA LÆRARAR OG FORSKULELÆRARAR

I samarbeidet med NLA har NKR dette året gjennomført 2 lokale samlingar for *nytilsette lærarar og førskulelærarar*, ei samling berre for lærarane og førskulelærarane og ei samling der rettleiarane også var med.

I tillegg til dette har rettleiarane vore inviterte til ein konferanse om rettleiing i regi av NLA og til fagdag på NLA med Paul Otto Brunstad

For skuleåret 2013-2014 er det registrert til saman 65 nyutdanna i vår region, rekna både skule og barnehage.

IKT-SAMARBEID I REGIONEN

NKR representerer alle skulane og barnehagane i regionen, ein sektor som utgjer ei svær brukargruppe innafor IKT. Dei utgjer store og aktive kompetansenettverk, det største brukarmangfaldet innafor kommunesektoren.

Det er difor naturleg at NKR og IKT-Nh kjem i eit godt og formalisert samarbeid både når det gjeld strategitenking knytt til IKT innafor oppvekstsektoren og paradigma for infrastruktur.

I 2013 er det starta opp arbeid med korleis styret i NKR kan vera den gruppa/det kontaktforumet som vidareformidlar felles ønskje om ulike programvarer ut mot IKT-NH og som gjeld både barnehage og skule



BARNEHAGESEKTOREN

Styret, ved styrerepresentant Torleiv Frotjold, saman med barnehagerepresentantar frå dei 8 kommunane og regionssekretær, utgjer arbeidsgruppa for kompetanseheving i barnehagane. Gruppa har hatt 6 møte og har handsama 55 saker.

OVERSIKT OVER KOMMUNANE

Namn kommune	Tal barnehagar	Tal tilsette	* Tal årsverk	Tal born
Austrheim	2	60	48.2	173
Fedje	1	8	6.8	24
Lindås	17	318	236	969
Masfjorden	3	33	24.25	83
Meland	10	171	149	593
Modalen	1	14	9.38	29
Osterøy	8	95	88	405
Radøy	4	88	73.84	269

*I årsverk er tatt med styrarar, pedagogisk personell og assistentar

Regionen har dette året hatt desse fokusområda:

- Dagskurs for alle tilsette i barnehagane, hausten 2013
- Styrarsamlingar
- Tilsyn
- Felles utfordringar knytt til kommunal barnehagedrift

GJENNOMFØRDE TILTAK 2013

Oversikt over etterutdanningskursa som har vorte gjennomførte

Fag/område	vår	haust	Deltakarar/ målgr.	Fagleg ansvar
«Utoverretta barnehageleing»	1dg		34 styrarar	Kjetil Børhaug UiB
Søt eller tøff – eit fritt val? Korleis gje jenter og gutar like muligheter		1dg	27 deltakarar Alle tilsette	Dronning Mauds Minne Høgskole Likestillingscenteret
Kom skal vi leke		1dg	111 deltakarar Alle tilsette	BroAschehoug
Magiske samlingsstunder		1dg	61 deltakarar Alle tilsette	Trude Brendeland



ARBEID MED TILSYN

Arbeid med tilsyn har vore tatt opp med jamne mellomrom i arbeidsgruppa. Her er ulike behov i kommunane og det finst ulike typar tilsyn.

Gruppa har dette året brukt to dagar på arbeidet med ”Konkretisering” av tilsynet. Resultatet av dette arbeidet munna ut i revidering av plan for tilsyn og spørsmålsguide i høve til paragrafar i ”Lov om barnehage.”

ARBEID MED LANGTIDSPLAN 2014-2016

Det har vorte arbeidd med regional langtidsplan for kompetansetiltak. Ei utfordring er å forankra tiltaka i kommunane, hjå styrarane. Det er m.a viktig at kommunane sine kompetanseplanar for barnehagane dannar grunnlaget for kva tilbod regionen skal gje, samtidig som dei nasjonale føringane vert ivaretatt.

Medlemmane i den regionale arbeidsgruppa har elles ei viktig rolle som rettleiarar for styrarane i høve til sentrale føringar som er gitt.

TILBOD TIL STYRARANE

Styrarane gjev uttrykk for behov for regionale samlingar, dette er eit viktig forum som gjerne kan utviklast vidare. I tillegg til samlinga våren 2013 (Jfr. matrisa over) inviterte Lindås kommune alle styrarane hausten 2013 til å vera med på to samlingar med Knut Roald, med tema: Den lærande barnehagen. Dette var eit tilbod i regi av Lindås kommune, til sine styrarar. Tilbodet vart gjort kjent gjennom den regionale arbeidsgruppa slik at resten av regionen også fekk høve til å ta del.

ASSISTENTOPPLÆRING- MIDLAR FRÅ FYLKESMANNEN

NKR har fått kr. 74 000 frå Fylkesmannen til etterutdanning for assistentar der målgruppa skulle vera assistentar med ingen eller avgrensa barnehagefagleg kompetanse og ingen eller avgrensa erfaring frå barnehage. Tiltaka skulle gje assistenten innsikt i barnehagen sitt samfunnsmandat, regelverk og andre sentrale styringsdokument, leik og læring og barnehagen som læringsmiljø, og gje ei innføring i kva som er assistentane si rolle, oppgåver og ansvar i barnehagen.

NKR ved ei arbeidsgruppe på tre personar laga eit 5-dagars opplegg for assistentar i tråd med føringane frå fylkesmannen og der m.a. lokale barnehagar med god kompetanse på ulike felt vart utfordra til å dela kunnskapane sine.

Kursrekkja fekk så få påmelde at ho måtte avlysast. Grunnen til dette kan truleg vera at det i NKR finst få assistentar som høyrer til i den aktuelle målgruppa.

GLØD

NKR har ein representant i fylkesmannen si arbeidsgruppa i arbeidet med GLØD.

GLØD er ein statleg strategi for rekruttering av førskulelærarar til barnehagen

Målet med GLØD er å styrka dei tilsette sin kompetanse for å gje alle barn eit godt og likeverdig barnehagetilbod gjennom å

- Heva status for arbeid i barnehagar
- Behalda og vidareutvikla kompetansen i barnehagen
- Auka rekruttering av barnehagelærarar til barnehagen
- Auka kvalitet i barnehagelærarutdanninga
- Auka rekruttering av barne- og ungdomsfagarbeidarar til barnehagen
- Auka rekruttering av personar med relevant høgare utdanning til barnehagen

Arbeidsgruppa har vorte orientert om arbeidet undervegs i 2013

NKR har i 2013 samarbeidd med følgjande utdanningsinstitusjonar/ organisasjonar:

HiSF Høgskulen Sogn og Fjordane

UiB Universitetet i Bergen

NLA Norsk lærarakademi

DKS Hordaland fylkeskommune Den kulturelle skulesekken / Ny GIV

BEFO Bergen kompetansesenter for flerkulturell opplæring, Bergen kommune

IKT NH IKT-Nordhordland

NHIL Nordhordland Handverks- og industrilag

Fylkesmannen i Hordaland

Norsk Geogebra-institutt

Conexus

Statped

BroAschehoug

Likestillingssenteret

DELTAKING PÅ KURS/ KONFERANSAR/ UTVAL

Regionsekretær og styreleiar har tatt del på desse samlingane:

1. Oddfrid Hole Fylkesmannen sin 2 dg skuleleiarkonferanse
Samlingar knytt til "NY GIV og "Gnist"
2. Helge Vallestad/
Jo Tømmerbakke Utdanningsdirektøren sitt arbeidsutval for leiarane i kursregionane.

NORDHORDLAND KURSREGION

AVREKNING 2013

Samla utgifter						952 170
Inntekter						
	Refusjon moms	kr	1 287,55			
	Kursinntekter	kr	371 850,00			
	Refusjonar	kr	253 955,00			
	Bruk av fond	kr	30 000,00			
						657 093
Netto utgifter						295 077
Fordeling	Fast sum	10 % av 295077				29 507
	Til fordeling etter elevtal					265 570

Kommune	Elevtal	Fordelings- nøkkel		Beløp	Fast Sum	Totalt beløp for 2013	
Austrheim	394	7,32 %	kr	19 587,17	kr	3 688,38	23 276
Fedje	81	1,53 %	kr	4 026,80	kr	3 688,38	7 715
Lindås	1981	36,30 %	kr	98 482,69	kr	3 688,38	102 171
Masfjorden	202	3,87 %	kr	10 042,15	kr	3 688,38	13 731
Meland	1034	19,27 %	kr	51 403,89	kr	3 688,38	55 092
Osterøy	954	18,17 %	kr	47 426,80	kr	3 688,38	51 115
Modalen	74	1,32 %	kr	3 678,81	kr	3 688,38	7 367
Radøy	622	12,23 %	kr	30 921,88	kr	3 688,38	34 610
Kontrolltall	5342	100 %	kr	265 570,19	kr	29 507,00	295 077

Jorunn Kjøde Fosse
Fagleiar rekneskap 22.01.2014

STATUTTAR FOR NORDHORDLAND KURSREGION REVIDERT OG GJELDANDE FRÅ 27.06.07

1. Nordhordland kursregion er eit samarbeidsorgan for skule- og barnehageområdet i Nordhordland. Samarbeidet omfattar kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.
2. Hovudmålsetjinga for kursregionen er
 - å arbeida for å halda ved like og vidareutvikla kompetansen til personalet i barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæringa.
 - vera eit forum og ein reiskap for dei deltakande kommunane til å fremja ei god fagleg utvikling på skule- og barnehageområdet.

3. STYRET

Dei skule- og barnehageansvarlege i kommunane er styret for kursregionen. Styret har m.a. til oppgåve å utarbeida plan for verksemda.

I kommunar der ansvar for skule og barnehage er delt, kan kommunane stilla med den barnehageansvarlege i saker som vedkjem barnehage

Om skuleansvarlege ikkje møter i styret oppnemner rådmannen person(ar) med mynde.

Berre ein frå kvar kommune har røysterett til ei kvar tid.

Styret vert konstituert med leiar og nestleiar. Leiarvervet går på omgang mellom styremedlemmane.. Funksjonstida er 3 skuleår.

Styret har høve til å setja ned ad hoc utval som arbeider med ulike oppgåver.

Styret er vedtaksført når minst 50% av medlemmane er til stades.

4. SEKRETARIATET

Kurssekretæren er tilsett i Lindås kommune og NKR kjøper tenester hjå Lindås kommune, i samsvar med eigen avtale.

Sekretæren er utøvande organ for styret

Kurssekretær rapporterer til og førebur saker saman med styreleiar.

Kurssekretæren kan representere NKR og ta del i ulike møte innanfor NKR sine ansvarsområde, etter avtale med styreleiar.

5. ØKONOMI

10% av det totale kommunale tilskotet skal betalast som fast beløp frå alle kommunar. Dei resterande 90% skal reknast ut etter elevtal.

(dette punktet vil få ei endring slik at det vert i samsvar med ny finansieringsordning)

(endring frå 01.01.11- Jfr vedlegg ”NY ORDNING FOR FINANSIERING AV NKR”)

6. ENDRING AV STATUTTAR

Endring av statuttane krev minst 5 stemmer

Vedlegg til statuttar

Sak 60/10 NY ORDNING FOR FINANSIERING AV NKR

Rutinar knytt til ny ordning for finansiering av NKR sine kurstilbod, Vedtatt i 1.oktober 2010 Gjeldande frå 01.01.2011

1. Fordelingsnøkkelen som er nytta i budsjettet for 2011 er rekna ut frå GSI-tala 1.oktober 2009
Når refusjonskrav vert sendt ut vår og haust 2011 vil summene verta justerte etter GSI-tala 1.oktober 2010
2. Refusjonskravet skal fordelast mellom skule og barnehage etter følgjande fordelingsnøkkel :

Skule:	60 %
Barnehage	40 %

Kommunane kan justera fordeling i høve til aktiviteten som er drive føregåande år.
3. Det vert sett opp budsjett for kvart kurs/kursrekke som det vert gitt tilbod om.
Summen for dei einskilde kurstilboda vil variera. Minstesum for ein plass er. Kr. 400,-
4. NKR sender rekningane til kommunane i samsvar med tal deltakarar.
5. NKR sender krav for alle som er påmelde når fristen går ut.
Avmelding skal skje ei veke før kursstart. Skulane føretekk avmelding sjølv, via kursbasen. Viss ikkje avmelding er føretatt vert det sendt krav om betaling.
6. Kursrekker som er sett i gang i 2010 og som held fram i 2011 vert gjennomført etter gamal ordning. Dette gjeld ikkje LUIB. Her må kommunane betala heile kostnaden.